

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato: 12.05.2005  
 Sakshandsamar: Per Karlsen  
 Saka gjeld: **ETABLERING AV INTERNREVISJON OG OPPRETNING AV KONTROLLKOMITÉ I HELSE VEST**

**Styresak 52/05 B**

**Styremøte 27.05. 2005**

---

## Innleiing

Helse Vest RHF vart i føretaksmøte 17. januar 2005 bedt om å etablere internrevisjon. I protokollen frå føretaksmøtet punkt 4.1.2 står det:

### *4.1.2 Krav til etablering av intern revisjon i Helse Vest RHF*

*Styret for Helse Vest RHF skal innan utgangen av 2. tertial etablere intern revisjon i det regionale helseføretaket og helseføretaksgruppa som eit ledd i styrets overvaking av internkontrollen. Intern revisjon er eit viktig ledd i styrets overvakingsfunksjon som skal, uavhengig av administrasjonen, gjere systematiske risikovurderingar, kontrollar og undersøkje internkontrollen i helseføretaka for å vurdere om han verkar forsvarleg og føremålstenleg.*

*Intern revisjon skal etablerast som ei gjennomgåande ordning i alle regionale helseføretak med desse elementa:*

- *Tre av dei eigaroppnemnde medlemmene i styret utgjør ein kontrollkomité med ansvar for å ha eit hovudfokus på styrets kontroll og tilsynsfunksjon.*
- *Helse Vest RHF skal etablere intern revisjon som administrativt skal vere underlagd administrerende direktør i Helse Vest RHF. Den interne revisjonen kan også rapportere direkte til styret for Helse Vest RHF.*
- *Arbeidet til intern revisor skal baserast på risikovurderingar og fastsetjast i årsplanen som skal godkjennast av styret. Styret for Helse Vest RHF må sjå til at det blir gjennomført prosess for risikovurdering for arbeidet i helseføretaksgruppa.*
- 

*Rapportering for 2. tertial 2005 skal innehalde stadfesting frå styret om at intern revisjon er etablert.*


Som del av førebuinga av denne saka har Pricewaterhouse Coopers utarbeidd eit forslag til organisering av internrevisjonen. På styreseminar 14. mars i Bergen vart to case gjennomgått i form av innlegg frå Statoil og Sparebank 1 SR-bank. På denne bakgrunn legg administrasjonen no fram sitt forslag til etablering av internrevisjon og kontrollkomité for føretaksgruppa. For nærare bakgrunn viser vi til rapporten frå PWC.

## Internrevisjon og internkontroll

I sak om internkontroll er eit opplegg for å etablere tilfredsstillande internkontrollrutinar i føretaksgruppa. I rapporten frå PWC står det:

*Styret for Helse Vest RHF skal sjå til at internkontrollen i det regionale helseføretaket og helseføretaksgruppa er sikra i tilstrekkelig omfang og på ein systematisk måte, med nødvendig forankring i leiinga i heile organisasjonen.”*

*Styret delegerer ansvaret for å få etablert ein tilfredsstillande internkontroll til den administrative leiinga som gjennom mellom anna instruksar og rutinebeskrivingar sørgjer for at tilstrekkelege og effektive tiltak blir etablert og etterlevd i heile organisasjonen. Oppgåva til internrevisjonen er å sjå etter at internkontrollen fungerer som føresett. I tillegg bør internrevisjonen ha som målsetting at den bidrar med meirverdi gjennom å komme med anbefalingar til kvalitetsforbetring i de interne styrings- og kontrollsystema.*



Skissa over viser ei tenkt rolledeling mellom styre, kontrollkomité, dagleg leiar og internrevisjonen.

Internrevisjonen kan organiserast etter ulike modellar:

- Eigne fast tilsette
- Utsetjing av revisjonsarbeidet til eksternt firma
- Tilsett eller leigd revisjonssjef som kjøper tenester frå ulike kompetansemiljø

Internrevisjonsfunksjonen må byggjast opp over tid. Det er derfor administrasjonen sin tilråding at ein startar med å leige inn ein revisjonssjef som kjøper tenester frå ulike kompetansemiljø internt og eksternt. Ein vil då komme i gang med etableringa raskt. Ein vil deretter kunne rekruttere ein eigen revisjonssjef som kan overta arbeidet som den eksternt innleigde revisjonssjefen har gjort.

I tillegg skal det etablerast ein kontrollkomité. Også denne funksjonen vil måtte utviklast over tid.

Internrevisjonen rapporterer i det daglege til administrerende direktør, men har ein sjølvstendig innstillingsrett til styret/kontrollkomiteen.

## **Framdriftsplan**

Internrevisjonen skal vere etablert ved utgangen av 2. tertial. I ein startfase må ein avklara følgjande:

Avklare rapporteringslinene til internrevisjonen – skal internrevisjonen rapportera til administrerende direktør, kontrollkomiteen eller styret?

Avklare grensesnitt mot ekstern revisor og Riksrevisjonen

Avklare rolle mot eksterne tilsyn

Utarbeide instruksverk

Rekruttere revisjonssjef

Risikovurdering

Revisjonsplan 2005

Stadfesting til eigar

## **Forslag til vedtak**

1. Helse Vest oppretter internrevisjon for føretaksgruppa og tilset eigen revisjonssjef for denne.
2. Helse Vest oppretter kontrollkomité for føretaksgruppa som består av tre av dei eigaroppnemnde styremedlemmane.

----- leiar

----- medlem

----- medlem

3. I ein innleiande fase ber styret administrasjonen om å leiga inn revisjonssjef frå eksternt firma for raskt å komme i gang med utvikling av oppgåvene under:

I startfasen må ein mellom anna få avklart følgjande:

- Avklare rapporteringslinene til internrevisjonen
- Rolledeling mellom kontrollkomiteen og styret
- Avklare grensesnitt mot ekstern revisor og Riksrevisjonen
- Avklare rolle mot eksterne tilsyn
- Utarbeide instruksverk
- Rekruttere revisjonssjef
- Risikovurdering
- Revisjonsplan 2005
- Stadfesting til eigar

4. Budsjett for internrevisjonen for 2005 vert lagt fram i styremøtet i juni.